


Ein enkel orografisk nedbørsmodell for Vestlandet



Masteroppgåve i Klimadynamikk

Maaike van Langen
Juni 2011



UNIVERSITETET I BERGEN
Geofysisk Institutt

Forord

Først vil eg takke rettleiaren min, Asgeir, for å ha gitt meg eit interessant forslag til masteroppgåve. Takk for gode råd og idear, og for at du alltid har tatt deg tid når eg har banka på døra di.

Takk til både noverande og tidlegare medstudentar på Geofysen. Det har vore mange hyggelege pausar og samtalar. Eg har hatt kjekke år her!

Ei stor takk til Einar for tolmod og støtte. Takk også for korrekturlesing av oppgåva, og mange gode innspel underveis. Eg må også takke Sondre for å ha gitt meg motivasjon til å jobbe effektivt dei timane eg har vore på lesesalen, og for å hjelpe meg med å koble av når eg har kome heim. Eg gleder meg til me får meir tid saman igjen!

Maaike

Samandrag

I denne oppgåva er det undersøkt om ein enkel orografisk nedbørsmodell vil kunne gje gode estimat for nedbören på Vestlandet. Ein del av oppgåva har vore å finne ut om ein slik modell er eit eigna verktøy til å forklare nedbør i meir avanserte modellar. Oppgåva tar for seg oppbygginga av nedbørsmodellen, før det blir gjort ei validering i forhold til observasjonsdata. Det er vidare sett på modellen sin sensitivitet overfor små endringar i inngangsdata. Til slutt er det gjort ein klimaanalyse, der det er undersøkt om denne enkle modellen kan bidra til å forklare kvifor nedbören i framtidig klima endrar seg.

Forenklingane i nedbørsmodellen gjer at den ikkje klarer å gje eit meir nøyaktig estimat enn storskalamodellane. Nedbørsmodellen gir likevel akseptable resultat når det blir midla over eit større område. Den enkle parametrisinga gjer det også mogleg å bruke den som eit verktøy til å forklare nedbørsendringar i framtidig klima.

Innhald

Forord	i
Samandrag	iii
1. Introduksjon	1
1.1. Forventa resultat	1
2. Bakgrunn	3
2.1. Orografisk nedbør	3
2.2. Modellar	4
3. Metode	6
3.1. Data	6
3.1.1. MERRA Reanalysedata	6
3.1.2. GLOBE Topografidata	7
3.1.3. Observasjonar	9
3.1.4. WRF data	9
3.1.5. Initialisering	10
3.2. Oppbygging	12
3.2.1. Utrekning av kondensasjonsnivå for heving	14
3.2.2. Utleining av likning for kondensasjonsrate	15
3.3. Validering	16
3.4. Sensitivitetsanalyse	17
3.4.1. Endring av temperatur	18
3.4.2. Endring av spesifikk fukt	19
3.4.3. Endring av vindhastighet	19
3.4.4. Endring av vindretning	19
3.5. Klimaanalyse	20
3.5.1. SRES klimascenario	20
4. Resultat og diskusjon	23
4.1. Validering	23
4.2. Sensitivitetsanalyse	31
4.3. Klimaanalyse	34

Innhold

5. Konklusjon	39
5.1. Forbetringar	40
A. Stasjonoversikt	41
B. Matlabkode	45
Referansar	61

1. Introduksjon

I masteroppgåva vil eg sjå på korleis ein kan estimere nedbøren ved hjelp av ein enkel orografisk nedbørsmodell. Det har blitt gjort liknande studiar tidlegare, og denne nedbørsmodellen byggjer mellom anna på ein modell som er brukt på New Zealand av Sinclair (1994).

I tillegg til å teste modellen mot tidlegare nedbørsmålingar frå stasjonar på Vestlandet, vil det også vere interessant å bruke den på data frå modellkjøringar for framtidig klima. Klimamodellane har for därleg oppløysing til å kunne gje detaljerte nedbørdata i komplekst terreng. Elles kan nedbørændringar i klimamodellane vere vanskeleg å analysere. Den forenkla modellen kan bidra til å forstå kva parametrar som gjer at nedbøren endrar seg. Eg vil derfor sjå på korleis endringar i vind, vindretning, temperatur og fukt påverkar modellen.

Vestlandet er kjend for å ha mykje nedbør. Plasseringa er gunstig i høve til lågtrykka som kjem frå Nord-Atlanteren inn i Dei nordiske hav. Vestavinden fører med seg mild og fuktig luft, og langfjella i Sør-Norge gir gode moglegheter for orografisk nedbør. Dei mest nedbørrike områda har ein normal årsnedbør på over 5000 mm (Hanssen-Bauer et al., 2009). Til samanlikning er den gjennomsnittlege årsnedbøren for heile Norge om lag 1500 mm.

Nedbøren er viktig på Vestlandet. Jordbruk og kraftproduksjon er døme på næringar som er avhengig av regnet. Store nedbørmengder gir også auka fare for flom, snø- og jordras. Med tanke på klimaændringar, er det forventa at det vil kome fleire hendingar med ekstremnedbør (Christensen et al., 2007, s. 877). For å kunne forebygge skadeverknader, vil det vere viktig å kunne berekne nedbøren så nøyaktig som mogleg.

Den storskala sirkulasjonen i atmosfæren har stor betydning for klimaet i Norge. Vindretninga betyr mykje for fordeling av nedbøren. Retninga som gir mest og oftast nedbør på Vestlandet, er sørvest. Vind frå søraust gir derimot lite nedbør. Det skal berre små endringar i vindmønsteret til, før det blir store forskjeller i nedbørsfordelinga (Hanssen-Bauer et al., 2009).

1.1. Forventa resultat

Me kan tenkje oss at ein modell tilsvarande den Sinclair (1994) brukte på New Zealand, skal kunne brukast på Vestlandet. Topografin på New Zealand er samanlikn-

1. Introduksjon

bar med Sør-Norge. Ei fjellkjede deler landet i to, og orografisk nedbør er viktig. Eg vil derfor forvente at ein vil kunne sjå forbeteringar i nedbørsestimata ved å bruke ein enkel orografisk nedbørsmodell, i forhold til klimamodellar og storskala reanalyser. Likevel gir denne nedbørsmodellen ei veldig enkel skildring av nedbørsprosessane, og det vil kunne vere med å gje eit dårlegare estimat. Nedbørsmodellen tar ikkje med mikrofysikk i skyene. Og det er ein veldig enkel utløysar som avgjer om det blir nedbør, som berre er avhengig av storleiken på den relative fukta.

Planen er å starte med ein heilt enkel orografisk nedbørsmodell, utan å ta med andre prosessar i første omgang. Fordelen med ein slik enkel modell, er at det vil vere lettare å studere korleis små endringar i parametrane vil påverke resultatet. Den kan dermed også brukast til å analysere årsakane til ei framtidig endring i nedbøren.


I kapittel 2 startar eg med ein teoretisk bakgrunn om orografisk nedbør og ulike nedbørsmodellar. Skildring av nedbørsmodellen og data følgjer i kapittel 3. Resultata blir presentert i kapittel 4, og konklusjonen kjem til slutt i kapittel 5.

2. Bakgrunn

2.1. Orografisk nedbør

Orografisk nedbør er nedbør som blir danna når luft blir pressa oppover på grunn av eit fjell, og som så blir avkjølt. Vertikal hastigkeit over fjell er avhengig av mange ulike prosessar som inkluderer fysikk, dynamikk og termodynamikk (Sinclair, 1994).

Det er tre hovudmekanismar for orografisk nedbør, i følgje Smith (1979). Desse er vist i figur 2.1. Den første, tvungen heving, vil seie at lufta må stige opp på grunn av topografin. Lufta oppnår metning dersom den inneheld nok fuktighet, regndropar blir forma som følgje av kondensasjon og avkjøling. Me får nedbør over og oppstraums av fjella. På lesida av fjella får me eit tørrare område.



Figur 2.1.: Tre mekanismar for orografisk nedbør: a)Tvungen heving, b)Seeder-feeder, c)Tvungen konveksjon (Smith, 1979)

Den såkalla seeder-feeder-mekanismen vart introdusert av Bergeron i 1965. Her er det ei nedbørsky («seedersky») høgare oppe, som ikkje er påverka av topografi. I tillegg er det låge skyer («feederskyer») oppstraums av fjellet, som er metta av vassdamp, på grunn av tvungen heving. Når regndropane frå seederskya fell gjennom den låge skyen, kan dei vekse ved koalesens, og slik blir nedbøren kraftigare. Denne mekanismen ser me helst over mindre fjell, der det ikkje er nok tid for at regndropar kan bli til berre ved tvungen heving.

Til slutt har me tvungen konveksjon. I løpet av dagen blir fjellsidene varma opp av sola. På toppen blir den varme lufta frigjort frå overflata, og dannar stigande termalsøyler. Når desse termikkane når LCL (Kondensasjonsnivå for heving, engelsk:

2. Bakgrunn

Lifting Condensation Level), formar det seg cumulusskyer, som kan utvikle seg vidare til cumulonimbusskyer (byeskyer). Byeskyene vil bli ført over fjellet med vinden, så byene vil kome nedstraums av fjellet.

Dersom atmosfæren er veldig stabil, kan det hende at lufta ikkje klarer å stige over fjellet. Det kan oppstå ein blokkering av straumen i nedre lag. Straumen kan då bli delt og gå rundt fjellet i staden, eller den stopper opp foran fjellet (Roe, 2005).

2.2. Modellar

Modellane som har blitt brukt til å estimere orografisk nedbør, kan delast inn i to grupper. Det er diagnostiske modellar og prognostiske modellar. Roe (2005) presenterer ein oversikt over bruken av ulike nedbørsmodellar.

Det kan vere nyttig å måle frekvensen for orografisk nedbør opp mot den totale kondensasjonsraten i ei vertikal søyle i ei metta atmosfære. I kvart nivå er den vertikale hastigheita lik den tvungne orografiske hevinga. Me kan sjå på kondensasjonsraten som ei øvre grense for den moglege nedbørsfrekvensen. Dersom den vertikale hastigheita $w = \vec{u} \cdot \nabla z_s$, der z_s er høgda over bakken og u er vindhastigheita, kan me skrive kondensasjonsraten som

$$\begin{aligned} S &= - \int_{z_s}^{\infty} \vec{u} \cdot \nabla z_s \frac{d}{dz} [\rho q^{sat}] dz \\ &= \rho_0 q_0^{sat} \vec{u} \cdot \nabla z_s e^{-\frac{z_s}{H_m}}. \end{aligned} \quad (2.1)$$

Dei enkleste modellane for orografisk nedbør brukar likningar som denne. Desse modellane tar med grunnleggjande fysikk som at orografisk nedbør vil auke med brattare helling på vindsida som skyldast forsterka heving. Vidare vil nedbøren minke med høgda over bakken på grunn av Clausius-Clapeyron effekten. Denne effekten går ut på at varm luft kan halde på meir fukt enn kald luft.

At modellane er diagnostiske vil seie at ein går ut frå ein stasjonær tilstand for straumen i atmosfæren. Luftstraumen blir rekna ut frå stor-skala variablar som vind og temperatur, og så blir nedbørsfrekvensane bestemt frå denne straumen. Desse modellane klarer ikkje å spegle observerte kortvarige vekslerverknader, som konveksjon, blokkering og dalsirkulasjon.

Prognostiske modellar fortel om utvikling i tid. Modellane integrerer rørslelikningane fram i tid. Sidan denne typen modellar er veldig datakrevjande, har ein for det meste berre brukt dei til å sjå på einskilde nedbørshendingar.

Meso-skala modellar med høg oppløysing har gått gjennom ei stor utvikling seinare år. Det er likevel fortsatt bruk for enkle nedbørsmodellar i komplekst terrenget. Det er ulike framgangsmåter som har blitt brukt (Smith, 2003). Ein metode er interpolasjon mellom målingsstasjonar. Då må det korrigeraast for høgdeskilnadar. Ein anna

2.2. Modellar

metode som har blitt forsøkt av mange, er ein form for «hellings-modell», som har eit meir fysisk grunnlag. Desse modellane brukar helling og vindhastigkeit til å rekne ut kondensasjonsrate. For å bestemme nedbøren antar ein at vatnet fell ut med ein gong. Etterkvart har t.d. Sinclair (1994) og Smith (2003) inkludert nedstraums drifting av hydrometeorar for å få ein meir realistisk fordeling av nedbøren. Smith (2003) brukar ein adveksjonsmodell, som tar med ei forseinking for tida det tar før vatnet i skyen blir til hydrometeorar og vidare fell ut som regn.

Modellen eg skal bruke, er ein diagnostisk variant tilsvarende den som er brukt av Sinclair (1994).

3. Metode

Klimamodellane som er i bruk i dag, har ei for grov oppløysing til å kunne skildre nedbören godt på mindre skalaer. Topografien blir midla over store område. Fjell på eit par tusen meter blir av modellen tolka som å vere berre nokre få hundre meter (Sinclair, 1993). Me må derfor ha høg oppløysing. Til dømes vil ei oppløysing på 10 km eller mindre, løyse opp topografien på Vestlandet godt.

Sinclair (1994) presenterer ein enkel modell for å estimere orografisk nedbør. Han inkluderer relevante fysiske prosessar i modellen ein for ein, til han oppnår resultat som samsvarer med målingane. Desse prosessane er leside-tørking, vinddrifteffektar, og tilpassing av stor-skala fuktigheits- og vertikalt rørsle-felt. Den stor-skala vinden, temperatur og fuktigheitsfelta er henta inn frå ein modell med lågare oppløysing (European Centre for Medium-Range Weather Forecasts, ECMWF). Modellen til Sinclair tar ikkje omsyn til vinden på mindre skala. Modellen er testa for ei hending med kraftig nedbør over det nordlege New Zealand, den tropiske syklonen Bola i mars 1988. Det vart brukt døgnmålingar frå 297 nedbørsmålarar. I dette tilfellet vart nedbørsintensiteten alvorleg underestimert av ECMWF (Sinclair, 1993). Sjølv om nedbørestimata viste dei store trekka for nedbørsfeltet – ECMWF-analysene varsla oppstiging der det faktisk kom regn, var analysene därlegare på mesoskalanivå. Det vart funne ein korrelasjon på 0,84 med døgnmålingar som beste resultat. Då var det brukt ein gitteravstand på 10 km, og det var også inkludert effektar som drifting og lesidetørking.

Kunz & Kottmeier (2006) har også laga ein diagnostisk modell for orografisk nedbør, med ei tilnærming tilsvarende Sinclair (1994). Men, i motsetning til Sinclair, har dei inkludert vinden på liten skala.

3.1. Data

I denne delen vil eg presentere dataa eg brukar i nedbørsmodellen.

3.1.1. MERRA Reanalysedata

Modellen treng inngangsdata om storskala forhold i atmosfæren. Til dette brukar eg reanalysedata frå MERRA. MERRA er ei forkorting for The Modern Era Retrospective-analysis for Research and Analysis. Det er reanalyse for atmosfæren frå NASA,

3.1. Data

som brukar ei ny versjon av Goddard Earth Observing System Data Assimilation System Version 5 (GEOS-5). Det er samla meteorologidata frå 1979 og fram til i dag (Rienecker, 2008).

MERRA-data på bakkenivå har ei oppløysing på $\frac{1}{3}$ lengdegrader gonger $\frac{1}{2}$ breiddegrader. Data i trykknivå har ei grovere oppløysing på 1,25 gonger 1,25 grader horisontalt, og består av 22 trykknivå som går opp til 250 hPa. Tabell 3.1 gir ei oversikt over variablane eg har lese inn frå MERRA-filar og brukt i nedbørsmodellen.

Tabell 3.1.: Variablar innlese frå MERRA reanalysane

Variabel	Forklaring	Eining
PS	Tidsgjennomsnitt for bakketrykk	Pa
U10M	Vind mot aust 10 m over bakken	$m s^{-1}$
V10M	Vind mot nord 10 m over bakken	$m s^{-1}$
T2M	Temperatur 2 m over bakken	K
QV2M	Spesifikk fukt 2 m over bakken	$kg kg^{-1}$
T	Temperatur i trykknivå	K
QV	Spesifikk fukt i trykknivå	$kg kg^{-1}$
OMEGA	Vertikal trykkhastigkeit	$Pa s^{-1}$


3.1.2. GLOBE Topografidata

Eg ønskjer å sjå korleis topografi påverkar nedbören på mindre skala. MERRA sine topografidata har for låg oppløysing til at dei gir eit godt bilet av dei store variasjonane i terrenget på Vestlandet. Nedbørsmodellen treng data med høgare oppløysing.

Topografidataa eg brukar er ein del av GLOBE-prosjektet (Global Land One-km Base Elevation) til NOAA (GLOBE Task Team). Dette er ein global digital høgdemodell (Digital Elevation Model, DEM), med ein gitteravstand på 30'' breiddograd og lengdegrad. 30 busekund tilsvarer 0,008333... grader. Ved ekvator er ein breiddograd om lag 111 km, medan GLOBE har 120 verdiar per grad. Dette gir ei oppløysing litt betre enn 1 km ved ekvator, og som blir finare i aust–vest retning når me kjem nærmare polane (Hastings & Dunbar, 1999).

Skilnaden mellom topografin til MERRA reanalysane og topografin til GLOBE for Sør-Norge kjem tydeleg fram av figur 3.1. MERRA-topografin klarer å identifisere langfjella og antyder kanskje Sognefjorden. Det står i sterkt kontrast til GLOBE, som gir eit verkeleg bilet av topografin.


3. Metode



3.1. Data

3.1.3. Observasjonar

For validering av modellen, samanliknar eg resultata frå modellen med observasjonar. Stasjonar som ligg nærmere enn 4 km, men med data for ulike tidsrom, er slått saman til ein stasjon, for å få mest mogleg samanhengande tidsseriar. Etter dette er det totalt 196 målingsstasjonar innanfor området. Eg vel deretter ut dei stasjonane som ikkje mangler meir en 20 % av dataa innanfor perioden 1985–1989. Då står eg igjen med 124 stasjonar som har nedbørsdata for perioden 1985–1989. Figur 3.2 viser plasseringa av stasjonane. Alle stasjonane er lista i Appendiks A. I valideringa, er nærmaste gitterpunkt til kvar målingsstasjon vald. For nokre målingsstasjonar er det same gitterpunktet som er nærmast.



Figur 3.2.: Kart som viser plasseringa av dei 124 målingsstasjonane og inndelinga av modellområdet.

Måling av nedbør blir gjort ein gong i døgnet, på morgonen. Eit nedbørdøgn går får 0600 UTC til 0600 UTC den dagen dataa er daterte. For å få eit riktig samanlikningsgrunnlag, har eg også summert timane i nedbørsmodellen til nedbørdøgn.

3.1.4. WRF data

WRF-modellen (Weather Research and Forecasting Model) er ein fullskala klimamodell. Det vil vere interessant å sjå den enkle nedbørsmodellen opp mot data frå WRF-modellen. Oppløysinga til modellen er 10 gonger 10 km, noko som tilsvarer

3. Metode

oppløysinga i nedbørsmodellen. Topografien er dermed godt oppløyst også for WRF-modellen.


3.1.5. Initialisering

Val av område Modellen er bygd opp med tanke på Vestlandet. Området for modellkjøringane er fra 4,5 til 7,5 grader aust og fra 59,0 til 62,0 grader nord. Lengst sør er avstanden aust–vest 171,8 km, lengst nord er avstanden 156,6 km. Avstanden nord–sør er konstant for heile området: 333,6 km. Det strekker seg fra Stavanger til Nordfjord, og held seg i hovudsak vest for vasskiljet. I analysane deler eg dette området inn i 3 boksar fra sør til nord (figur 3.2).

På Vestlandet sine breiddegrader, er oppløysinga så høg som 926 meter breiddograd gonger 434–477 meter lengdegrad. Eit så fint gitter gir veldig store gradientar, og dermed (for) stor vertikal vind. I modellen interpolerer eg derfor topografidata til ei oppløysing som er 10 gonger mindre, det vil seie om lag 9,3 km breiddograd gonger 4,5 km lengdegrad. Modellområdet består no av totalt $36 \times 36 = 1296$ gitterpunkt, der kvar av dei 3 boksane inneheld 432 punkt. Topografien som er brukt i modellen er vist i figur 3.3.

Val av periode Eg ønskjer å kunne sjå modellen i forhold til ein fullskala klimamodell (WRF), der det er data tilgjengeleg for 1961–1990 (Heikkilä et al., 2010). Derfor har eg vald å køyre nedbørsmodellen for perioden 1985–1989. Eit tidsrom på 5 år er også lenge nok til å få samanliknbar statistikk.

3.1. Data




Figur 3.3.: Interpolert GLOBE-topografi i modellområdet.

3. Metode

3.2. Oppbygging

I dette avsnittet vil eg gå gjennom nedbørsmodellen, og forklare oppbygginga av den. Figur 3.4 gir ei skjematiske oversikt over dei ulike stega i modellen.



Figur 3.4.: Flytskjema som viser oppbygging av modellen

Modellen les inn topografidata (GLOBE, sjå avsnitt 3.1.2) og meteorologiske data (MERRA, sjå avsnitt 3.1.1). Topografidata blir interpolert, som forklart tidlegare. Det blir også rekna ut horisontale topografigradientar.

Alle meteorologidata blir interpolert til oppløysinga for den finskala topografien. Når eg gjer dette, vil bakkenivået for den nye topografien vere høgare enn nokre av dataa i trykklaga. Desse trykklaga skal ikkje vere med i vidare utrekningar. Det er likevel viktig å få med all luftfukta når nedbøren skal reknast ut, så eg summerer fukta i laga under bakken og legg denne til det første laget over det nye bakkenivået. Vidare blir meteorologidata i trykklag, som har ei tidsoppløysing på kvar 3. time, interpolert til kvar time.

No følgjer ein presentasjon av korleis modellen parametriserar nedbøren. Framgangsmåten tilsvrar Sinclair (1994). Me føreset at heving av luft på grunn av orografi, vil gje forsterka nedbør. Den vertikale hastigheita i trykk-koordinatar ved bakken,

3.2. Oppbygging

ω_s , som skyldast vinden nær bakken \vec{V}_s , er gitt som:

$$\omega_s \approx -\rho_s g \vec{V}_s \cdot \nabla z_s, \quad (3.1)$$

der ρ_s er lufttettleik ved bakken og g er tyngdeakselerasjonen. \vec{V}_s er vinden 10 meter over bakken, henta frå inngangsdata til nedbørsmodellen. z_s er topografien, og ∇z_s dei horisontale topografigradientane.

I tillegg til denne likninga, må me spesifisere ein profil for ω . Vertikalhastigheita varierer med høgda, som ein funksjon $\omega(p)$. Denne består av ein storskala ω henta frå inngangsdata til nedbørsmodellen, $\omega_l(p)$ og ein ω som kjem av topografien. Denne avtar frå ω_s ved bakken (p_s) til null ved eit trykknivå p_t med ein rate som er avhengig av ein parameter γ :

$$\omega(p) = \omega_l(p) + \omega_s \left(\frac{p - p_t}{p_s - p_t} \right)^{\tan(\frac{\gamma\pi}{4})} \quad (3.2)$$

Her skal γ -parameteren vere mellom 0 og 2. Eg brukar dei same verdiane som Sinclair (1994) har brukt – p_t på 200 hPa og γ lik 0,7. Desse verdiane vart vald på bakgrunn av kva som gav best resultat i modellen. Nedbøren vil auke med mindre γ og p_t høgare i atmosfæren.

Neste steg er å rekne ut kondensasjonsraten for kvart lag. Me brukar $\omega(p)$ til å estimere nedbøren. Kondensasjonsraten ved trykk p , som skyldast metta adiabatisk oppstiging, kan skrivast som ein funksjon av blandingstalet ved metting q_s og temperatur T (K):

$$\frac{dq_s}{dt} = -\lambda(p)\delta \frac{q_s T}{p} \left(\frac{LR - c_p R_v T}{c_p R_v T^2 + q_s L^2} \right) \omega(p) \equiv -\lambda(p)\delta F \omega(p) \quad (3.3)$$

Utleiinga av denne likninga kjem eg tilbake til i avsnitt 3.2.2. Her er L latent kondensasjonsvarme ($= 2,5 \times 10^6 \text{ J kg}^{-1}$), R er gasskonstanten for tørr luft ($= 287 \text{ J K}^{-1} \text{ kg}^{-1}$), R_v er gasskonstanten for vassdamp ($= 461,5 \text{ J K}^{-1} \text{ kg}^{-1}$), c_p er spesifikk varme for tørr luft ved konstant trykk ($= 1004 \text{ J K}^{-1} \text{ kg}^{-1}$), og

$$\delta = \begin{cases} 1, & \omega(p) < 0 \\ 0, & \text{elles} \end{cases}$$

som betyr at det berre er ved oppstiging (negativ ω) at me får kondensasjon. I tillegg er

$$\lambda(p) = \begin{cases} \left[\frac{r(p)-0,6}{0,4} \right]^{\frac{1}{2}}, & r(p) > 0,6 \\ 0, & \text{elles} \end{cases} \quad (3.4)$$

3. Metode

Her er $r(p)$ relativ fuktigkeit (RH) ved trykket p . For å rekne ut denne, finn me først vassdamp sitt mettingstrykk:

$$e_s(T) = 6,112 \cdot \exp\left(\frac{17,62 \cdot T}{T + 243,5}\right), \quad (3.5)$$

der T er temperaturen i grader Celcius og vassdampttrykket er i hPa. Vidare kan me då finne den metta luftfukta

$$q_s = 0,622 \cdot \frac{e_s}{p} \quad (3.6)$$

og den relative luftfukta

$$RH = \frac{q}{q_s}. \quad (3.7)$$

Likning 3.4 uttrykker at det må vere ei viss luftfuktigkeit før det kan kome nedbør.

Den totale nedbørsraten ved bakken får me ved å integrere kondensasjonsraten (3.3) frå LCL til toppen av atmosfæren ($p = 0$),

$$R = \frac{\lambda_s}{g} \int_0^{p_{LCL}} \delta F \lambda(p) \omega(p) dp \quad (3.8)$$

der

$$\lambda_s = \begin{cases} \left[\frac{r_s - 0,8}{0,2} \right]^{\frac{1}{4}}, & r_s > 0,8 \\ 0, & \text{elles} \end{cases} \quad (3.9)$$

Fuktigheitsfaktoren λ_s viser korleis nedbøren er avhengig av luftfuktigheita nær bakken, r_s . Verdien som vart brukt for r_s , er luftfuktigkeit i 850 hPa. Dette nivået er vald fordi det er vist at det er dei nedste 1 km til 2 km over bakken som er viktig. Tidlegare modellresultat (Sinclair, 1994) har kome fram til at 0,8 er passande som nedre grense for orografisk nedbør. Forsterking av nedbøren aukar raskt med aukande luftfuktigkeit.

3.2.1. Utrekning av kondensasjonsnivå for heving

For å kunne rekne ut likning 3.8 må me finne kva for eit lag kondensasjonsnivå for heving (LCL) ligg i. Me reknar først ut vassdamp sitt mettingstrykk e_s , metta luftfukt q_s og relativ fukt RH på same måte som over (likning 3.5–3.7). Når me kjenner relativ fukt RH og den faktiske lufttemperaturen, kan doggpunktstemperaturen T_d tilnærmaast ved

$$T_d = \frac{b \cdot \gamma(T, RH)}{a - \gamma(T, RH)}, \quad (3.10)$$

3.2. Oppbygging

der γ er gitt som

$$\gamma = \frac{a \cdot T}{b + T} + \ln \left(\frac{RH}{100} \right). \quad (3.11)$$

Temperaturen er i grader Celcius, og konstantane er $a = 17,271$ og $b = 237,7$ °C.

Doggpunktstemperatuen er temperaturen lufta ville hatt ved metting. LCL er høgda der doggpunktstemperaturen er lik temperaturen lufta vil få ved tørradiabatisk heving. Høgda til LCL kan me finne ved hjelp av Espys likning,

$$h_{LCL} = 125 \cdot (T - T_d), \quad (3.12)$$

som gir høgda i meter. Espys likning tar utgangspunkt i forholdet mellom den tørradiabatiske temperaturendringa (9,8 K/km) og doggpunktstemperaturen si endring med høgda (1,8 K/km). Det gir ein skilnad på 8 K/km, som svarer til ei høgdeendring på 125 m/K. Denne tilnærminga har ei nøyaktigheit på 1 %.

Høgda til LCL blir gjort om til trykk ved følgjande likning,

$$p_{LCL} = p_s \cdot \exp \left(-\frac{h_{LCL}}{H} \right), \quad (3.13)$$

der H er skalahøgda (= 7500 m). Deretter finn me kva for eit trykklag p_{LCL} ligg i, og integrerer frå og med dette laget og opp til og med det øvste laget. Det er lagt inn ei avgrensing som sikrar at p_{LCL} aldri kan ligge i det øvste laget.

3.2.2. Utleiing av likning for kondensasjonsrate

Likning 3.3 er utleiaa frå Clausius-Clapeyron likninga og Termodynamikkens første lov (Haltiner & Williams, 1980, s. 308–309). Tidraten for endring av vassdamp per volumeining, $\frac{\partial \rho_v}{\partial t}$, er gitt ved

$$\frac{\partial \rho_v}{\partial t} = -\nabla \cdot (\rho_v \vec{V}) + S \quad (3.14)$$

der S er kjelder eller søkk for vassdamp per volumeining per tidseining. Me kan erstatte ρ_v med det tilsvarende ρq , der q er den spesifikke fukta. Deretter blir produktet av q og kontinuitetslikninga trekt frå (3.14), og me får

$$\frac{\partial q}{\partial t} = -\vec{V} \cdot \nabla q + \frac{S}{\rho} \quad (3.15)$$

Eit søkk av vassdamp er kondensasjon eller sublimasjon frå metta luft, og då er

$$\frac{S}{\rho} = \frac{dq_s}{dt} \quad (3.16)$$

3. Metode

der q_s er den metta luftfukta tilnærma gitt ved

$$q_s = \frac{0,622e_s}{p - 0,378e_s} \approx 0,622 \frac{e_s}{p} \quad (3.17)$$

Her er e_s mettingstrykket for vassdamp, som er relatert til temperaturen ved Clausius-Clapeyron likninga

$$\frac{de_s}{e_s} = \frac{LdT}{R_v T^2} \quad (3.18)$$

No differensierer me (3.17) og set inn frå (3.18), som gir

$$\frac{1}{q_s} \frac{dq_s}{dt} = \frac{L}{R_v T^2} \frac{dT}{dt} - \frac{1}{p} \frac{dp}{dt} \quad (3.19)$$

Vidare antar me at det ikkje er andre varmekjelder, at kondensasjon skjer som følgje av metta adiabatisk utviding, og at kondensvatnet fell ut som nedbør (irreversibelt). Då er termodynamisk likning

$$-\frac{Ldq_s}{dt} \approx c_p \frac{dT}{dt} - \frac{RT}{p} \frac{dp}{dt} \quad (3.20)$$

No kan me eliminere $\frac{dT}{dt}$ mellom (3.19) og (3.20), og få eit uttrykk for $\frac{dq_s}{dt}$ når $\frac{dp}{dt} = \omega$,

$$\frac{dq_s}{dt} = \frac{q_s T}{p} \left(\frac{LR - c_p R_v T}{c_p R_v T^2 + q_s L^2} \right) \omega \equiv F\omega \quad (3.21)$$

3.3. Validering

For å validere modellen, samanliknar eg den med observasjonar. Eg gjer ein tilsvaran-
de samanlikning for ein fullskala klimamodell (WRF), og for nedbøren frå MERRA-
dataa. Nedanfor følgjer ulike statistiske parametre eg har brukt. Resultata av valide-
ringa kjem i avsnitt 4.1.

Gjennomsnittleg feil Me finn gjennomsnittet av alle feila, utan omsyn til forteikn.
Den gjennomsnittlege feilen er ikkje eit mål på nøyaktigheita. Sjølv om den gjennom-
snittlege feilen er 0, kan det likevel vere store positive og negative avvik som har
oppheva kvarandre. Den gjennomsnittlege feilen kan gje oss informasjon om kva ret-
ning feilen går i.

$$ME = \frac{1}{n} \sum_{k=1}^n x_{k,modell} - x_{k,obs}$$

3.4. Sensitivitetsanalyse

Gjennomsnittleg absolutt feil Her tar me gjennomsnittet av absoluttverdien til alle feila. Dette fortel meir om nøyaktigheita, men seier ingenting om det er negative eller positive avvik.

$$MAE = \frac{1}{n} \sum_{k=1}^n |x_{k,modell} - x_{k,obs}|$$

Korrelasjon Korrelasjonskoeffisienten er eit mål på samvariasjonen mellom to variable, og er alltid eit tal mellom -1 og 1 . Dersom verdien er 1 er det ein lineær samband mellom variablane, og me kan dra ei rett linje gjennom alle punkta i eit spreiingsplott. Dersom korrelasjonen er 0 , er det ingen lineær avhengigheit mellom variablane.

$$\rho = \frac{\sigma_{modell,obs}}{\sqrt{\sigma_{modell}^2 \sigma_{obs}^2}} = \frac{\sum_{k=1}^n (x_{k,modell} - \bar{x}_{modell})(x_{k,obs} - \bar{x}_{obs})}{\sqrt{\sum_{k=1}^n (x_{k,modell} - \bar{x}_{modell})^2 \sum_{k=1}^n (x_{k,obs} - \bar{x}_{obs})^2}}$$

Korrelasjon er altså kovariansen mellom to variablar, delt på produktetet av standardavvika til variablane.

Bias Me kan også uttrykke den gjennomsnittlege feilen relativt til den eine variablen. Denne verdien er kalla bias, og blir gitt i prosent. Ein prosentverdi kan ofte vere lettare å tolke. Då er ein ikkje er avhengig av å vite noko om kva som er vanlege verdiar, for å avgjere om feilen er stor eller liten.

$$Bias = \frac{ME}{\bar{x}_{obs}} * 100$$

98-prosentil Eg brukar 98-prosentilen som eit mål på ekstremnedbøren. Den er definert slik at 2 % av nedbørsdøgna for alle observasjonspunkta har ein høgare verdi.

3.4. Sensitivitetsanalyse

Nedbøren er i denne modellen avhengig av temperatur, spesifikk fukt, vind og vindretning. Den er også avhengig av relativ fukt, ved at det er den utløysande faktoren for om fukta fell ut som nedbør eller ikkje. Ein ting som også er vesentleg for nedbøren, men som ikkje er tatt med i modellen, er stabilitet.

For å sjå kor mykje modellen er avhengig av dei ulike variablane, vil eg gjere små endringar i inndataa. Nedanfor er det forklart korleis eg har gjort desse endringane. Resultata av analysen blir presentert i avsnitt 4.2.

3. Metode

3.4.1. Endring av temperatur

Det er gjort to modellkjøringar med endra temperatur, for ± 2 K. Dette gjer eg både for data i trykknivå og for data ved bakken.

Når temperaturen aukar utan å endre spesifikk fukt vil den relative fukta bli redusert. Dette er ikkje veldig realistisk. Observasjonar viser at på stor skala har den relative fukta vore tilnærma konstant med aukande temperatur dei siste tretti åra, medan den spesifikke fukta aukar med aukande temperatur (Dai, 2006). Estimatelet for nedbørsendringa vil bli betre dersom eg held den relative fukta konstant. Då må eg i tillegg til å endre temperaturen, også justere den spesifikke fukta.

For å gjere dette finn eg først vassdamp sitt mettingstrykk, som er ein funksjon av temperatur. Clausius-Clapeyron likninga kan tilnærma ved likninga

$$e_s(T) = 6,112 \cdot \exp\left(\frac{17,62 \cdot T}{T + 243,5}\right), \quad (3.22)$$

der T er temperaturen i Celcius. Vassdamptrykket er i hPa. Tilnærminga har ei nøyaktigheit på 0,3 prosent for temperaturar mellom -35°C og 35°C (Bolton, 1980). Vidare kan me rekne ut den spesifikke fukta ved metting slik:

$$q_s(T) = 0,622 \cdot \frac{e_s}{p}$$

Denne brukar me til å rekne ut den relative fukta,

$$RH = \frac{q}{q_s}$$

Så reknar me ut vassdamptrykket ved metting for den endra temperaturen

$$e_s(T_{ny}) = 6,112 \cdot \exp\left(\frac{17,62 \cdot T_{ny}}{T_{ny} + 243,5}\right)$$

Vidare reknar me ut vassdamptrykket for den nye temperaturen, med konstant relativ fukt

$$e_{ny} = RH \cdot e_{s,ny}$$

Dette gir til slutt ein ny verdi for den spesifikke fukta

$$q_{ny} = 0,622 \cdot \frac{e_{ny}}{p}$$

No blir T og q i inngangsdataa erstatta med T_{ny} og q_{ny} .

3.4. Sensitivitetsanalyse

3.4.2. Endring av spesifikk fukt

Det er gjort to modellkjøyringar der den spesifikke fukta er endra med ± 20 prosent. Tilsvarande som at eg måtte justere den spesifikke fukta når eg endra temperaturen, må eg no justere temperaturen slik at den relative fukta blir konstant. Eg har endra både data i trykknivå og data ved bakken.

Eg reknar først $e_s(T)$, $q_s(T)$ og RH likt som over. Dette brukar eg vidare til å rekne ei ny spesifikk fukt ved metting q_s , med konstant relativ fukt og ny verdi for den spesifikke fukta q :

$$q_{s,ny} = \frac{q_{ny}}{RH}$$

Deretter finn eg ein ny verdi for vassdampttrykket ved metting, e_s

$$e_{s,ny} = \frac{q_{s,ny} \cdot p}{0,622}$$

Ei omforming av likning 3.22 gir ei likning for den nye temperaturen

$$T_{ny} = \frac{243,5 \ln \left(\frac{e_{s,ny}}{6,112} \right)}{17,62 - \ln \left(\frac{e_{s,ny}}{6,112} \right)}$$

No blir T og q i inngangadataa erstatta med T_{ny} og q_{ny} .

3.4.3. Endring av vindhastigheit

Det er gjort to modellkjøyringar der vindhastigheita er endra med ± 20 prosent. I inngangadataa er vinden lagra i kartesiske koordinatar, med ein u -komponent og ein v -komponent. Til saman gir dei to komponentane både vindhastigheita og vindretninga, gitt ved følgjande likningar:

$$V = \sqrt{u^2 + v^2}$$

$$\tan \alpha = \frac{u}{v}$$

Når u og v blir endra med ± 20 prosent, vil vindhastigheita V auke tilsvarande. Eg kan altså gjere endring i vindhastigheita direkte på komponentane i inngangadataa.

3.4.4. Endring av vindretning

Det er gjort to modellkjøyringar med endra vindretning, for ± 30 grader. For endring av vindretninga har eg først gjort om frå kartesiske koordinatar til polarkoordinatar. I polarkoordinatar er vinden gitt med ei retning og ei lengd. Eg har deretter endra retninga, og halde lengda uendra. Til slutt har eg gjort om tilbake til kartesiske koordinatar, slik at det tilsvarar inngangadataa.

3. Metode

3.5. Klimaanalyse

Det er gjort til saman 3 modellkjøringar med data frå ein klimamodell. Det vil seie at eg i staden for reanalysedata har brukt data frå klimamodellen som inngangsdata til nedbørsmodellen. Resultata frå klimaanalysen kjem i avsnitt 4.3.

Bergen Climate Model (BCM) er ein kopla atmosfære-hav-havis modell. Det er ein samankopling av ARPEGE-modellen og MICOM-modellen (Furevik et al., 2003). Fordelen med BCM er at den har ei høgare oppløysing enn andre klimamodellar, i den nordatlantiske-arktiske regionen. Det gir betre føresetnader for å studere regionale prosessar.

Det er ein modellkjøring for dagens tilstand 1961–1990. I tillegg er det to modellkjøringar for framtidig klimascenario, i tidsperiodane 2046–2065 og 2081–2098. Dersom den relative nedbørsendringa er lik for klimamodellen og nedbørsmodellen, kan me bruke resultat frå sensitivitetsanalySEN til å forklare kva parametrar som er viktige for endring i nedbøren som følgje av framtidige klimaendringar.

Klimadataa har ei lågare oppløysing enn reanalysedataa. Horisontalt er oppløysinga om lag 2,8 gonger 2,8 grader, både for data på bakkenivå og data i trykknivå. Det er 9 trykknivå som går opp til 250 hPa. Variablane i klimadataa har daglege verdiar. Før desse blir brukt som inngangsdata til nedbørsmodellen, må alle variablane interpolerast til verdiar for kvar time. For eit døgn i scenario-perioden 2080–2098¹ manglar det nokre variablar. Denne dagen er derfor sletta frå dataa før modellkjøringane.

3.5.1. SRES klimascenario


IPCC Special Report on Emissions Scenarios (SRES) gir eit sett av ulike framtidsskildringar. Desse scenaria er brukt i IPCC Third Assessment Report (TAR) og IPCC Fourth Assessment Report (AR4). Scenaria er delt inn i fire hovudgrupper (Albritton et al., 2001).

Scenariet som er brukt for denne klimasimuleringa, er A1B. A1-scenaria skildrar ei meir globalisert verd, med rask økonomisk vekst og rask utvikling av ny og meir effektiv teknologi. Folketalet på jorda kjem til å auke til 9 milliardar i 2050, og vil deretter avta til 7 milliardar i 2100. Regionale skilnader i per capita-inntekt vil bli mindre, det vil bli større gjensidig påverknad kulturelt og sosialt.

Vidare er A1-scenaria delt i tre undergrupper, som går i ulike retningar når det gjeld teknologisk utvikling med tanke på energikjelder. A1B-gruppa har ei balanse mellom alle energikjelder. Det vil seie at det ikkje er ein spesiell energikjelde som blir vektlagt meir enn andre, fordi ein ser for seg at alle typer har like stor grad av forbetring. Scenariet er moderat med tanke på mengda menneskeskapte utslepp (fig. 3.5 og 3.6).


¹23. april 2082

3.5. Klimaanalyse



Figur 3.5.: Menneskeskapte utslepp av CO₂, CH₄, N₂O og svoveldioksid for dei seks SRES scenaria A1B, A2, B1, B2, A1FI og A1T. [Figuren er henta frå TAR, basert på IPPC Special Report on Emissions Scenarios.]

3. Metode




Figur 3.6.: Konsentrasjonen av CO₂, CH₄ og N₂O i atmosfæren, som følgjer av dei seks SRES scenaria. [Figuren er henta frå TAR.]

4. Resultat og diskusjon

I dette kapittelet blir resultata for nedbørsmodellen presentert. Først kjem ei validering av sjølvé modellen, der den blir samanlikna med observasjonar og WRF-data. Deretter kjem resultata frå sensitivitetsanalysen, og til slutt klimaanalysen.

4.1. Validering

Figur 4.1 viser månadlege middel for perioden 1985–1989 for nedbørsmodellen, WRF-data, MERRA-data og observasjonar. Det er ein figur for heile området, og for kvar



Figur 4.1.: Middelnedbør for kvar månad

4. Resultat og diskusjon

av dei 3 delane. Det er berre gitterpunkt næra observasjonspunkt som er tatt med i utrekning av månadsmiddelet for nedbørsmodellen, WRF og MERRA. Generelt overestimerer nedbørsmodellen samanlikna med observasjonar. Reanalysedataa underestimerer nedbøren, spesielt på hausten. Som forventa, gir WRF det beste nedbørestimatet i forhold til observasjonane. Nedbørsmodellen følgjer likevel WRF-dataa veldig bra til tider, spesielt for området mellom 60 og 61° nord.

Modellen gir nokre altfor høge middelverdiar på enkelte stasjonar (fig. 4.2). Dette skjer truleg ved ein kombinasjon av kraftig vind og ein stor topografigradient i same retning som vinden. Då blir den vertikale vinden i modellen mykje større enn det som er realistisk. Denne typen modellar klarer ikkje gjenskape deling av straumen eller blokkering, og dette er også med på å gje for store vertikale hastigheitar (Funk & Michaelsen, 2004). Eg har plukka ut punkta som har ein middelnedbør på meir enn 15 mm/døgn. Det tilsvarer ein årsnedbør på om lag 5500 mm, som er rekna som maksimal normal årsnedbør (Hanssen-Bauer et al., 2009). Desse 18 punkta er plotta på topografien til modellen i figur 4.3. Her kan me sjå at desse punkta ligg i bratt terren, og modellen gir eit estimat for nedbøren som er langt unna den observerte. Der det er lite høgdeskilnад i topografien, gir modellen for lite nedbør. Dette skyldast at regndropene ikkje kan flytte seg med luftstraumen, men må falle ut i same gitterpunktet som dei blir danna. Det er heller ingen forseinking i nedbørsdanninga, sidan modellen ikkje inkluderer mikrofysikken i skyene.




I tabell 4.1 har eg samla ein del statistiske verdiar, der nedbørsmodellen, WRF og MERRA er samanlikna med observasjonar. Verdiane er rekna ut for nedbørsdøgn. Feilane er rekna ut for kvart observasjonspunkt og næraeste gitterpunkt, før det er midla over alle observasjonspunkt innanfor området. Korrelasjon er rekna ut over alle nedbørsdøgn og observasjonspunkt. Nedbørsmodellen gir best resultat for området mellom 60 og 61° nord. Her er faktisk biasen mindre enn for MERRA.

Korrelasjonen mellom nedbørsmodellen og observasjonsdata er låg. Nedbørsmodellen gir nedbør på andre stader og til andre tider enn observasjonane tilseier. Forklaringa er igjen at det er ingen forseinking i nedbørsdanninga, og at nedbøren må falle ut i same punktet som den blir danna. Korrelasjonen heng saman med gjennomsittleg absolutt feil. Korrelasjonen er stort sett låg når gjennomsittleg absolutt feil er stor.

Figur 4.4 viser gjennomsittleg feil og gjennomsittleg absolutt feil som eit middel over alle stasjonar for kvar månad. Når det blir midla over alle stasjonane gjer modellen det nokså bra samanlikna med observasjonsdata. Foreklingane i modellen blir då jamna ut over eit større område. Dette veg opp for at nedbøren ikkje kan advekterast med luftstraumen og mangel på mikrofysikk.

Figur 4.6 viser biasen for månadlege verdiar. Me ser at relativt til observert nedbør, har nedbørsmodellen størst feil i sommarmånadene. Den observerte nedbøren om sommaren er i utgangspunktet liten, så feil her gir relativt større utslag i biasen. Nedbørsmodellen inkluderer ikkje prosessar som gir konvektiv nedbør, noko som har

4.1. Validering




Figur 4.2.: Middelnedbør for kvar stasjon. For modellen, WRF og MERRA er nærmeste gitterpunkt til stasjonen vald.

4. Resultat og diskusjon

Tabell 4.1.: Korrelasjon, gjennomsnittleg feil (ME), gjennomsnittleg absolutt feil (MAE) og bias i forhold til observasjonar. I tillegg er 98-prosentilen tatt med. Dataa er for nedbørsdøgn.

	Korr	ME mm/døgn	MAE mm/døgn	Bias %	98-prosentil mm/døgn
Heile området					
Modell	0,39	2,9	7,9	51,4	66,6
WRF	0,70	1,0	4,3	17,8	38,8
MERRA	0,73	-1,4	3,5	-25,6	23,1
Observasjonar					37,5
Del 1: 59-60°N					
Modell	0,42	2,7	7,1	53,1	61,8
WRF	0,71	1,2	4,0	22,8	38,1
MERRA	0,72	-0,9	3,3	-17,9	25,2
Observasjonar					33,4
Del 2: 60-61°N					
Modell	0,44	1,6	7,1	26,3	57,3
WRF	0,72	1,4	4,6	23,3	43,0
MERRA	0,74	-1,9	3,8	-31,4	23,1
Observasjonar					40,0
Del 3: 61-62°N					
Modell	0,35	3,7	8,8	66,5	74,5
WRF	0,68	0,6	4,1	10,2	35,3
MERRA	0,74	-1,4	3,5	-25,7	22,1
Observasjonar					38,0

4.1. Validering




Figur 4.3.: Dei 18 gitterpunktta nærast observasjonar med meir enn 15 mm/døgn, plotta på topografien som er brukt i modellen.

ei større betydning om sommaren. Om vinteren ligg nedbørsmodellen ganske nært WRF sitt estimat. Igjen ser me at me får klart best resultat for området mellom 60 og 61° nord. Det kan sjå ut som modellen er best tilpassa topografiens i Hordaland. I den nordlegaste delen gjer modellen det dårligast. Her er det mykje bratte fjell.

Nedbørsmodellen bør justerast slik at den passar betre for dei ulike regionane, ved å velge ein optimal γ og p_t for kvar region. Figur 4.5 viser korleis den vertikale hastigkeit ω endrar seg med ulike verdiar for γ . Profilen er rekna ut frå likning 3.2, der den storskala vinden $\omega_l(p) = 0$. For $\gamma = 1$ avtar ω lineært. For små verdiar for γ , er ω konstant nesten heilt opp til $p = p_t$. For γ større enn 1, avtar ω raskt (Sinclair, 1994).


Det er arealmidla som gir best resultat samanlikna med observasjonsdata. Derfor vel eg å bruke desse i vidare analyser.

4. Resultat og diskusjon




Figur 4.4.: Gjennomsnittleg feil og gjennomsnittleg absolutt feil. Feilen er gitt i mm/-døgn.

4.1. Validering



Figur 4.5.: Vertikal p -hastighetsprofil (hPa/time), rekna ut frå likning 3.2, for γ -verdiar markert på kvar kurve og $p_t = 200$ hPa. Figuren er henta frå Sinclair (1994).

4. Resultat og diskusjon



Figur 4.6.: Bias, månadlege verdiar.

4.2. Sensitivitetsanalyse

Eg har gjort små endringar i inngangsdata, for å teste sensitiviteten til modellen. Det er sett på middelnedbør, talet nedbørsdagar, middelnedbøren på nedbørsdagane og ekstremnedbøren.

Middelnedbør Når eg har rekna ut middelnedbøren, har eg berre brukt punkta som ligg på land. Sidan topografien er så viktig for å gje nedbør i modellen, vil ikkje modellen gje nedbør i punkta som ligg over hav. Å ta med alle punkta i utrekning av middelet, vi dermed gje ein for låg verdi.

Dersom middelnedbøren endrar seg, kan dette ha to grunnar. Anten er det talet nedbørsdagar som er endra, eller det er nedbørsintensiteten på dagar med nedbør som er endra. Derfor har eg også sett på desse to parametrane.

Talet nedbørsdagar I offisiell statistikk blir ein dag rekna som nedbørsdøgn dersom det kjem meir enn 0,1 mm/døgn. Dei fleste dagane får ei lita mengd nedbør slik modellen er bygd opp. Eg har derfor vald å definere ein nedbørsdag som ein dag med meir enn 1 mm/døgn.

Middelnedbør for nedbørsdagar Dette er nedbøren midla berre over dei dagane det kom nedbør.


Ekstremnedbør Eg har brukt 98-prosentilen som eit mål på ekstremnedbøren. Den er definert slik at 2 % av døgna for alle gitterpunktene har ein nedbør som ligg over denne verdien.

Vinden på Vestlandet kjem oftast frå vest og sør–vest, ut frå MERRA-dataa i perioden 1985–1989. Totalt kjem om lag 40 % av vinden frå retningane mellom sør–vest og nord–vest. Det er også frå desse retningane det oftast er høge vindhastigheiter. Det er sterkt vind vinkelrett på topografien, som gir orografisk heving. Figur 4.7 viser fordelinga av vindretninga i originaldataa og etter endring av retninga. Det ser ut som reanalysedataa gir realistiske data for vinden.

Tabell 4.2 og 4.3 viser endringa i ulike parametrar for endringane i inngangsvariablane. Sensitiviteten til +2 K er dobbelt så stor som for -2 K. Dette kan kome av at Clausius-Clapeyronlikninga er ein eksponentialfunksjon, som har som eigenskap at vassdampttrykket stig raskt når temperaturen aukar. Det blir ei større endring i vassdampttrykket for ei +2 K-endring enn ei -2 K-endring.

Vindhastigheita har ein høg sensitivitet, spesielt er den viktig for ekstremverdiane. Grunnen til dette er at den vertikale hastigheita på grunn av topografi er avhengig av vindhastigheita, gjennom likning 3.1 (s. 13). Denne sterke avhengigheita av vinden er også funne i andre studiar. I Sinclair (1994) står det at nedbøren er nesten lineært avhengig av vinden ved bakken.

4. Resultat og diskusjon



Figur 4.7.: Vindrosor som viser fordeling av vinden i ulike retninger, og vindhastigheta.

4.2. Sensitivitetsanalyse

Tabell 4.2.: Tabellen viser nedbøren for ulike endringar i inngangsvariablane. Ved $T \pm 2\text{ K}$ og $q_v \pm 20\%$ er RH halde konstant. I avsnitt 3.4 er det forklart korleis dette er gjort.

Køyring	Endring	Middelnedbør mm/døgn	Talet nedbørsdagar døgn/år	Middelnedbør for nedbørsdagar mm/døgn	98-prosentil mm/døgn
Referanse		9,1	301	10,9	70,6
T	+2 K	10,2	306	12,1	78,4
	-2 K	8,6	301	10,3	66,1
q_v	+20%	10,0	302	12,0	77,8
	-20%	8,0	297	9,7	62,3
u, v	+20%	10,5	305	12,5	82,9
	-20%	7,7	292	9,5	58,4
retning	+30°	10,0	299	12,2	79,9
	-30°	8,6	302	10,3	67,5

Tabell 4.3.: Tabellen viser prosentvis endring i nedbøren for ulike endringar i inngangsvariablane. Ved $T \pm 2\text{ K}$ og $q_v \pm 20\%$ er RH halde konstant. I avsnitt 3.4 er det forklart korleis dette er gjort.

Køyring	Endring	Middelnedbør $\Delta[\%]$	Talet nedbørsdagar $\Delta[\%]$	Middelnedbør for nedbørsdagar $\Delta[\%]$	98-prosentil $\Delta[\%]$
Referanse		0	0	0	0
T	+2 K	12,3	1,8	10,4	10,9
	-2 K	-5,4	0,2	-5,6	-6,4
q_v	+20 %	10,2	0,5	9,6	10,1
	-20 %	-11,9	-1,4	-10,8	-11,8
u, v	+20 %	15,4	1,5	13,8	17,4
	-20 %	-15,2	-2,8	-13,0	-17,3
retning	+30°	10,5	-0,6	11,2	13,2
	-30°	-5,4	0,4	-5,8	-4,4

4. Resultat og diskusjon

Når det gjeld vindretninga, gir $+30^\circ$ meir nedbør. Her er også likning 3.1 årsaka. Ein større del av vinden kjem vinkelrett på topografien, som gir orografisk heving og nedbør. For -30° er det omvendt. Vindretninga blir mindre gunstig i forhold til orografisk heving. Dette viser tydeleg at det lokale klimaet på Vestlandet er veldig avhengig av den storskala vinden.

4.3. Klimaanalyse

Klimamodellen har ein veldig låg topografi med små gradientar, og gir for lite nedbør på Vestlandet. Nedbøren i klimadata er endå mindre enn nedbøren i MERRA reanalysedata.

Tabell 4.4 viser endring i middelnedbøren for to framtidige scenarioperiodar, både for nedbørsmodellen og originaldata fra klimamodellen. Nedbørsmodellen gir størst prosentvis auke for begge periodane.

Tabell 4.4.: Middelnedbør

Køyring	1961–1990		2046–2065		2081–2098	
	mm/døgn	mm/døgn	Δ	mm/døgn	Δ	
Klimamodell BCM	3,4	3,9	14,7 %	4,1	20,6 %	
Nedbørsmodell	6,1	7,4	21,3 %	8,0	31,1 %	

Ei endring i middelnedbør skyldast ein kombinasjon av endring i talet nedbørsdagar og nedbørsintensitet på nedbørsdagane. Tabell 4.5 viser endring i talet nedbørsdagar. Tilsvarande viser tabell 4.6 endring i middelnedbør på nedbørsdagane. Me ser at sjølv om nedbørsmodellen også her gir ein større prosentvis auke, er tala nærmare kvarandre når me berre ser på middelnedbøren på nedbørsdagane. Den store skilnaden i endringa for middelnedbøren, skyldast altså først og fremst at talet nedbørsdagar endrar seg ulikt i klima- og nedbørsmodellen.

Tabell 4.5.: Nedbørsdagar


Køyring	1961–1990		2046–2065		2081–2098	
	døgn/år	døgn/år	Δ	døgn/år	Δ	
Klimamodell BCM	303	310	2,3 %	311	2,6 %	
Nedbørsmodell	294	311	5,8 %	320	8,8 %	

4.3. Klimaanalyse

Tabell 4.6.: Middelnedbør på nedbørsdagane

Køyring	1961–1990	2046–2065	2081–2098		
	mm/døgn	mm/døgn	Δ	mm/døgn	Δ
Klimamodell BCM	4,0	4,5	12,5 %	4,7	17,5 %
Nedbørsmodell	7,4	8,6	16,2 %	9,0	21,6 %

Figur 4.8 viser månadleg middelnedbør for dei tre periodane. Her ser me at klimamodellen klarer å vise sesongvariasjonane, sjølv om det er altfor lite nedbør. Å gjengi sesongvariasjonar er eit svakt punkt hos nedbørsmodellen.




Figur 4.8.: Månadleg middelnedbør i klimascenario.

I figur 4.9 ser me den prosentvise endringa i månadleg nedbør for framtidig klimascenario. Her kjem det fram at både nedbørsmodellen og klimamodellen viser same mønsteret, men at nedbørsmodellen gir ei større prosentvis endring. Grunnen til at nedbørsmodellen gir større prosentvis endring i middelnedbøren, er truleg at endring i talet nedbørsdagar er ulik for klimamodellen og nedbørsmodellen. Nedbørs-

4. Resultat og diskusjon

modellen har ei større prosentvis auke i talet nedbørsdagar. Det er mindre forskjell i endringa i middelnedbøren på nedbørsdagane. Dersom talet nedbørsdagar aukar, utan at nedbørsintensiteten på nedbørsdagane aukar, vil det likevel vere ein auke i middelnedbøren.



Figur 4.9.: Prosentvis endring i nedbør for framtidig klimascenari

Mekanismane bak nedbørsendring i framtidig klima For å sjå om nedbørsmodellen kan brukast til å forklare mekanismane bak ei framtidig endring i nedbøren, har eg delt opp nedbørsendringa i fleire ledd. Den totale nedbørsendringa er sett saman av ein del som skyldast temperaturendring, ein del som skyldast endring i relativ fukt og ein del som skyldast endring i vertikal hastigkeit:

$$\Delta P_{total} \approx \frac{\Delta P}{\Delta T} \cdot \Delta T_{klima} + \frac{\Delta P}{\Delta RH} \cdot \Delta RH_{klima} + \frac{\Delta P}{\Delta \omega} \cdot \Delta \omega_{klima}$$

Den delen som skyldast endring i vertikal hastigkeit kan splittast i ein del som skyldast endring i vindhastigkeit og ein del som skyldast endring i vindretning:

$$\Delta P_{total} \approx \frac{\Delta P}{\Delta T} \cdot \Delta T_{klima} + \frac{\Delta P}{\Delta RH} \cdot \Delta RH_{klima} + \frac{\Delta P}{\Delta V} \cdot \Delta V_{klima} + \frac{\Delta P}{\Delta V_{retning}} \cdot \Delta V_{retning,klima} \quad (4.1)$$

Tala eg har brukt, er henta frå sensitivitetsanalysen (tabell 4.3). For ΔP brukar eg den prosentvise endringa i middelnedbør på nedbørsdagar. Eg brukar ikkje endring i middelnedbøren, fordi denne endringa også er avhengig av talet nedbørsdagar.

